

Utgreiing for Maskinsenteret Vestland AS 2023(Rapportering etter åpenhetsloven §5)

Innleiing

Maskinsenteret Vestland AS(Maskinsenteret) har ansvar og plikt til å fremja menneskerettar og gode arbeidsforhold på arbeidsplassen. Samtidig er Maskinsenteret ein del av ein internasjonal varestrøm og ser si rolle i dette kretsløpet. Maskinsenteret er detaljist og forhold seg i det alt vesentlege til store importørar. Desse importerer varene som Maskinsenteret distribuerer i eige distrikt.

På bakgrunn av §5 i åpenhetsloven skal Maskinsenteret offentliggjere ei utgreiing. Denne utgreiinga skal ta for seg våre vurderingar av aktsemd i verksemda vår. Der skal både lokale og globale forhold takast med.

Verdiane våre

Sal av landbruksmaskiner, verkstadtenester og sal av reservedeler er verksemda vår i ein hovedsum. Det blir ikkje tilverka noko lokalt anna enn tenester, men verksemda sel produkt til sluttbrukar gjennom reparasjonar eller gjennom separate sluttprodukt. Våre vedtekne verdiar er: «støttande, kompetent og fleksibel». For at desse verdiane skal prege organisasjonen så må arbeidsstokken oppleve eit godt arbeidsmiljø. Maskinsenteret er bevisst dette ansvaret. Selskapet er knytt til Bedriftshelse 1 som er ei bedriftshelseteneste. Dette skal vere med å ivareta tilsette. HMS er ivaretatt i selskapet og fysiske fasilitetar er topp moderne.

Miljøperspektivet

Maskinsenteret har sertifisert seg til Miljøfyrtårn. Dette er ledd i ein prosess der ein vil ta hensynt til det ytre miljø og freiste å minimalisere bedrifta sitt CO2-avtrykk. Selskapet trur på samanheng mellom ytre miljø og indre miljø opp mot tilrettelagte arbeidsplassar i tråd med norsk lov (arbeidsmiljøloven).

Vurderingar av aktsemd

Ein stor del av produkta Maskinsenteret sel, er produsert av utanlandske leverandørar. Dette kan utgjere ein kritisk faktor då mange av produkta har sitt opphav i utvinning av mineral eller av arbeidsoperasjonar i utviklingsland. Maskinsenteret må derfor sette krav til og forvente at importørane og produsentane av utstyret har høge standarder for etisk handel.

Hovedproduktet vårt er Valtra traktor. Dette produktet blir importert av Eik Maskin. «Redegjørelse for Eik Maskin AS 2023» følg vedlagt her.

I tillegg er AT Import på Jessheim vår importør av Kuhn og Pøttinger som er sentrale redskap i portefølgen vår. Deira utgreiing følg vedlagt her.

Maskinsenteret er glad for å ha eit godt og langsiktig samarbeid med desse to importørane. Omsetning av varer frå desse to utgjer ein vesentleg del av salet vårt til sluttbrukar. Maskinsenteret ser ingen grunn til å foreta eigne vurderingar av aktsemd der desse to importørane er vår business partner i neste omsetningsledd. Det viktigaste for Maskinsenteret blir å halde seg oppdatert på deira arbeid med dette tema.

Gafner – eigenimport av tørrgjødselvogner frå Sveits

I arbeidet vårt har me nytta spørjeskjema i nokre tilfelle der me ikkje har ein stor importør å forhalde oss til. Maskinsenteret importerer ein reiskap frå Sveits som me sel på nasjonal basis. Her har me teke kontakt med Gafner og sendt spørjeundersøking. På basis av svara der har me konkludert med at det ikkje er funne negative forhold og at det ikkje trengs fleire vurderingar pt. Det at denne fabrikk ligg i Sveits er blitt lagt positiv vekt på i vurderinga.

Eit anna tilfelle der me har nytta spørjeskjema er mot den svenske fabrikk Knarrhult som produserer grindssystem for småfe.

Arbeidsmiljøet i Maskinsenteret blir vurdert som godt. Samarbeidet mellom leiinga og tilsette bidreg positivt til drifta. Ingen av dei tilsette i Maskinsenteret er fagorganiserte. Leiinga har vedteke å lage ei personalhandbok som skal bidra til tryggare rammer for dei tilsette.

Konklusjon

Maskinsenteret arbeider kontinuerleg for å bli betre på alle område. Det kommande året vil prioriterten vere å få på plass ei personalhandbok og elles etterspørre korleis importørane arbeider på dette viktige området.

Kaupanger, 30.1.2024

Maskinsenteret Vestland AS

Audun Moen
Dagleg leiar

Dokumentet er vedteke i styret 30.1.2024